



Statens vegvesen Region vest
Askedalen 4
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 15/43 - 15/11050

Saksbehandlar:
Lillian Straumøy Brakstad
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:
02.06.2015

Søknad om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel - LNF - for etablering av bueiningar og næringsføremål på gbnr 8/5. Høyring.

Saka gjeld:

Det vert vist til søknad frå Terje J. Ledahl på vegne av Vestbygd Eiendom AS om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel, jf plan-og bygningslova §§ 1-8 og 19-2, for etablering av fire bueiningar og næringsføremål på Vollo, gbnr 8/5.

Planstatus:

Eigedomen er i kommuneplanen sin arealdel avsett til LNF-område.

Søknad om dispensasjon:

Det er i skriv frå tiltakshaver v/ansvarleg søkjar, søkt om dispensasjon frå kommuneplanen sin arealdel – LNF-føremål, sjå vedlegg.

For grunngjeving av søknaden vert det vist til denne i sin heilheit.

I 2013 vart det gitt dispensasjon frå forbod mot tiltak i kommuneplanen sin arealdel – LNF – for bruksendring av gbnr 8/5 til inntil to bueiningar kombinert med næringsføremål, sjå vedlegg.

Nabovarsling:

Naboane er varsla. Det er ikkje kome merknader til varslinga.

Kommuneplan og lovgrunnlag:

Kommuneplanen sin arealdel er styrande for arealbruken og søknaden vert først vurdert i høve til den. I LNF-sona i kommuneplanen skal det til vanleg ikkje gjevast løyve til tiltak som krev byggeløyve eller andre varige konstruksjonar.

Dispensasjon etter pbl kap. 1 og § 19-2:

Søknaden skal vurderast opp mot omsynet bak regelen det vert søkt dispensasjon frå.

I § 1-1 i plan-og bygningslova heiter det m.a.: Lova skal fremja berekraftig utvikling til det beste for den enkelte, samfunnet og framtidige generasjonar.

Dispensasjon kan ikkje gjevast dersom omsyna bak regelen det vert dispensert frå, eller omsyna i lova

Postadresse

postmottak@meland.kommune.no
Postboks 79, 5906 Frekhaug
Besøksadr: Havnevegen 41 A
5918 Frekhaug

Kontakt

www.meland.kommune.no
Telefon +47 56 17 10 00
Telefaks +47 56 17 10 01

Konto 1503 18 83722
Org.nr. 951 549 770

Kartinfo: www.nordhordlandskart.no

sine formål, vert sett vesentleg til side. I tillegg må fordelane ved å gje dispensasjon vere klart større enn ulempene etter ei samla vurdering. Ved dispensasjon frå lova skal det leggjast særleg vekt på konsekvensar for helse, miljø, sikkerheit og tilgjenge. Det skal også leggjast særleg vekt på statlege og regionale mål.

Kommunen bør ikkje gje løyve til dispensasjon dersom statlege eller regionale mynde har uttalt seg negativt om dispensasjonssøknaden.

Førebels vurdering, vidare saksgang, høyring:

Tiltaket er tilstrekkeleg gjort greie for til at dispensasjonsspørsmålet kan vurderast.

Etter gjeldande sakshandsamingsreglar vert søknaden om dispensasjon sendt regionale styresmakter ved Fylkesmannen i Hordaland – Kommunal-og samfunnsplanavd., Hordaland Fylkeskommune – Regionalavdelinga og Statens vegvesen Region Vest til uttale, før det vert gjort vedtak i saka.

Frist:

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med helsing

Anny Bastesen
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad
konsulent

Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om dispensasjon

Søknad om bygging av to leiligheter og etablering av ytterligere to leiligheter
kart og teikningar

UDU 071-13 gbnr 8-5

8-5 1_1000

8-5 1_3000